

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Årsrekneskap og årsmelding 2020 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem i møte 21.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2020 for Vestland fylkeskommune. Uttalet skal følgje saka vidare til fylkestinget via fylkesutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskap og årsmelding 2020 - Vestland fylkeskommune
- 2 Revisjonsmelding 2020 frå Deloitte AS - Vestland fylkeskommune
- 3 Revisjonsrapport 2020 - rapp. nr. 2 frå Deloitte AS - Vestland fylkeskommune
- 4 Årsmelding 2020 Vestland fylkeskommune
- 5 Rekneskap 2020 Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 10.05.2021, behandla utvalet sin uttale til Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor er invitert til møtet for å presentera årsrekneskapen og svara på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er fylkestinget sitt ansvar å forvalte fylkeskommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er videre fylkestinget sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Fylkestinget sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at fylkestinget skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivaretake i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til fylkestinget om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeidning av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå fylkesrådmann, datert 22.02.2021
- Fylkesrådmann si årsmelding, datert 31.03.2021
- Revisjonsmelding, dagsett 15.04.2021
- Revisjonsrapport nr. 2 av 29.04.2021
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimsrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til fylkeskommunen
- Gjennomført påsjå-ansvar overfor revisor

I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen i fylkeskommunen supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 2. Her er medteke at driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 1 081 237 829 i fylkeskommunen og eit netto driftsresultat for den konsoliderte rekneskapen på kr. 1 081 237 829.

Revisjonsrapport nr. 2 for rekneskapsåret 2020 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS til fylkeskommunen, inngår også som ein del av saksbehandlinga til rekneskapssaka i kontrollutvalet, vedlegg 3. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve nokre tilrådingar til fylkeskommunen på tilhøve som bør og kan forbetrast, mellom anna desse:

- Fylkeskommunen sørger for at alle avvik innan lønsområdet vert meldt inn for å sikre ei tilstrekkeleg oppfølging av avvika med iverksetting av tiltak for avdelingar med fleire avvik over tid.
- Fylkeskommunen må sørge for at alle føringar i rekneskapen er tilstrekkeleg dokumentert med god sporbarheit til underdokumentasjon, slik at ein sikrar at bokføringslova med tilhøyrande forskrift vert følgt.
- Det vert oppmoda om at fylkeskommunen sørger for at rutinen for månadleg avstemming av kundereskontro mot årsrekneskapen vert følgt.
- Fylkeskommunen blir oppmoda om å stille krav til Skyss om å få utarbeidd ein revisorbekrefta rapport på sin intern kontroll som dekkjer vurdering og testing av dei kontrollrutinane Skyss sin leverandør av mobilapplikasjonen Skyss Billett har, for å sikre at bilettinntektene er fullstendige og nøyaktige, slik en fekk i 2019. Fylkeskommunen blir vidare oppmoda om å stille liknande krav til andre leverandørar der sentrale delar av prosessen ligg hos leverandør utan tilstrekkeleg god moglegheit for fylkeskommunen til å etterprøve rutinane hos leverandør.

På bakgrunn av tilrådingane i revisorrapport nr. 2 bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be fylkesrådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Vurdering av rekneskapen

Netto driftsresultat

Av årsrekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsresultat er positivt med kr. 1 081 237 829 både for fylkeskommunen og for den konsoliderte rekneskapen, dvs. netto resultatgrad på 7,44 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Norge ligg ifølge opplysninga fra SSB på netto resultatgrad på 4,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 4 % i fylkeskommunar for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For dei to samanslåtte fylkeskommunane var netto resultatgrad i 2019 på 0,8 %. Som vi ser av tala over har fylkeskommunen eit resultat som i 2020 er positivt, og 3,44 % høgare enn tilrådinga frå TBU og 2,94 % over snittet i fylkeskommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekka. Driftsresultatet påverkar i stor grad fylkeskommunen sin handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien.

Gjeld

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Vestland fylkeskommune i 2020 har ei lånegjeld

tilsvarande 92,8 % av sum driftsinntekter, altså over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande tall for dei to samanslegne fylkeskommunane var 99,94 % i 2019. Det er med andre ord ei positiv utvikling frå 2019 til 2020. Langsiktig gjeld minus pensjonsforpliktingar, ubrukte lånemidlar og utlån auka frå 13,1 mrd. kr til 13,5 mrd. kr. frå 2019 til 2020, men driftsinntektene auka meir i same tidsrommet slik at langsgiktig gjeld i prosent av samla driftsinntekter forbetra seg.

Fylkeskommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Fylkeskommunen har ei målsetting om at denne bør vere under 5%. Den var i 2020 på 6,19 % mot 7,81 % samla for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i 2019. Vi ser også her ei positiv utvikling.

Disposisjonsfondet

Disposisjonsfondet i 2020 er på 8,4 % av driftsinntektene, altså over Riksrevisjonen si tilråding på minst 5 %. Fylkeskommunen eitt eige måltal er på 10 %.

Likviditet

Vestland fylkeskommune har brukbar likviditet. Likviditetsgrad 1 bør ha ein verdi på minimum 2. Likviditetsgrad 1 for Vestland fylkeskommune var i 2020 på 2,2.

Økonomiforvaltning og internkontroll

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i fylkeskommunen byggjer på rapportar frå reknesaksrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå fylkeskommunen.

- Det er ikkje avdekkja vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet.
- Revisor har stadfestat at budsjettavvik og avvik frå budsjettetpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Revisor har stadfestat at bokføringa i stor grad er i tråd med bokføringsregelverket. Sjå kommentar om sporbarheit under kapittelet om revisjonsrapport nr. 2
- Det er i 2020 ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon som var retta mot økonomiforvaltninga.
- Det er prosess i gang for gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Rapport vert ferdig på eit seinare tidspunkt.

Vurdering av ikkje økonomiske krav i årsmeldinga

| Tema | Status | Grunnlag |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|------------------------|
| Er fylkeskommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verknad for fylkeskommunen eller innbyggjarane omtalt i årsmeldinga? | ✓ | Årsmeldinga side 27-29 |
| Er tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard omtalt i årsmeldinga? | ✓ | Årsmeldinga side 12 |
| Er den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling omtalt i årsmeldinga? | ✓ | Årsmeldinga side 16-17 |
| Er det omtalt i årsmeldinga kva fylkeskommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26 | ✓ | Årsmeldinga side 16 |

Vurdering av revisjonen sitt arbeid

Ein viktig del av kontrollutvalet sitt arbeid er påsjå-ansvaret for at rekneskapen vert revidert på ein trygg måte. Påsjå-ansvaret er følgt opp i tråd med FKT sin rettleiar.

| Tema | Status | Vurdering |
|--------------------|--------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kvalifikasjonskrav | ✓ | Viser til krav om kompetanse og tilbuddt kompetanse i avtalen mellom Deloitte AS og Vestland fylkeskommune 2019 |
| Vandel | ✓ | Vurdering av vandel vert utført i tråd med selskapet sine retningslinjer |

| | | |
|--------------------------------------|---|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Uavhengigheit | ✓ | Behandla 11.05.20 i sak PS 47/20 |
| Kvalitetskontrollsystemet i Deloitte | ✓ | Deloitte følgjer standard for kvalitetskontroll, ISQC1. Det er Deloitte sitt kvalitetsstyringssystem, DTT Policies manual (DPM), som fastset policyar for verksemda og tenesteutøvinga i alle forretningsområde i selskapet. Deloitte si verksemd innan kommunal revisjon er også underlagt ekstern kvalitetskontroll i regi av Den norske Revisorforening. |
| Planleggingsfasen | ✓ | Revisjonsplan behandla 11.05.20 i sak PS 48/20 |
| Interimsrevisjon | ✓ | Behandla 16.11.20 i sak PS 30/20 |
| Årsoppgjersfasen | ✓ | Behandla 10.05.21 pba revisjonen sitt arbeid avglat april 2021 |
| Etterlevingskontroll | | Kontrollutvalet får denne til behandling seinare |

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande fra fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Oppstarten av Vestland fylkeskommune var også prega av ein økonomisk utfordrande situasjon. Ferjekostnadane auka vesentleg samanlikna med 2019, og med låg vekst i dei samla inntektene måtte nivået på driftsutgiftene reduserast. Fylkestinget vedtok difor ein samla reduksjon på 500 mill. kr i den første økonomiplanperioden for Vestland fylkeskommune for å få driftsutgiftene i samsvar med inntektsida. Med eit slikt krevjande bakteppe er det gledeleg å konstatere at årsrekneskapen for 2020 enda på plussida med margin på 216 mill. kr. Netto driftsresultat vart 7,4 prosent. Tek ein omsyn til tekniske justeringar for å sjå resultatet over tid, kjem vi over måltalet for berekraftig drift på 4 prosent. Dette gjev Vestland fylkeskommune eit betre utgangspunkt for å handtere driftsutfordringane framover enn vi hadde ved inngangen til året. Det må likevel stekast under at dei statlege kompensasjonane i form av ekstra ferjetilskot og koronastøtte var heilt avgjerande for det gode resultatet.»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til fylkestinget om årsrekneskapane og årsberetningane før fylkesutvalet innstiller til vedtak.

Fylkesrådmannen har lagt fram ei årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2020.

Årsmeldinga fra administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Vestland fylkeskommune har løyst dette ved å orientere kontrollutvalet i notat datert 16.04.2021

om behandlinga av politisk sak om arbeidet med internkontroll og resultat av statlege tilsyn i 2020. Saka vert lagt fram som RS-sak i kontrollutvalet 10.05.2021.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 2 for 2020
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har i 2020 eit positiv netto driftsresultat på kr. 1 081 237 829 både for fylkeskommunen og for den konsoliderte rekneskapen, dvs. netto resultatgrad på 7,44 %. Disposisjonsfondet er på 8,4 % av driftsinntektene, mens lånegjelda er på 92,8 % av driftsinntektene.

På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be fylkesrådmann om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapportane.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via fylkesutvalet til fylkestinget.